



# KUK OG DUKE

Du er fallossymbol i nye spelutgjevingar.

TEKST RASMUS HUNGNES

**NY DLC HAR** kome ut til *Lara Croft and the Temple of Osiris*, spellet som laust baserer seg på myta om Osiris, som vart drepen og kutta opp i små bitar av den sjalu Seth. Isis, kona til Osiris, samla i hop alle kroppsdelane, alle utanom den viktigaste – penisen. Så ho kopulerte med ein erekjonssubstitutt og unnfanga barnet Horus. Heller ikkje i *Icy Death* vil du finne Osiris sitt manndomslem, berre fleire fallossymbol i form av nye skytevåpen, som (som kjend) på same måte som ein potent penis kan skyte ut prosjektil.

Apropos manndom, eit nytt spel har kome på marknaden: Fullversjonen av *Duke Nukem 3D* – oppfølgjaren til *Duke Nukem* og *Duke Nukem II* – er ute – no! – til Playstation 3 og Vita. Nitten år har gatt sidan eg sat saman med gutane under trappa etter skuletd og spelte shareware-versjonen i smug – blod og pupper i bøtter og spann her – og eg må seie deg det, at fullversjonen skuffar ikkje. Plottet krinsar rundt mannemannen Duke, som lyt redde Verdsaltet si kvinnestand frå ein skjebne verre enn dauden, då dei blir kidnappa av skapte utanomjordiske skapningar.

I ulikskap med forgjengarane, platformspel begge to, er *Duke Nukem 3D*, som suffikset «3D» hantar mot, ein såkalla FPS, det vil sei ei skypespel i førstepersonsperspektiv. Men, i motsetnad til *Doom*, eit spel i same sjanger, kan ein, i likskap med *Hexen* og *Dark Forces*, som begge kom ut nokre månader før nevnte smugspeiling under trappa, hoppe. Dessutan kan Duke Nukem fly, ved hjelp av ein jetpack. Han kan òg eta steroider for å bli mellombels enno meir mandig. Kraftig kjeve, snau-lippa hår, breie skuldrer, stor, veldefinert muskelmasse, massiv handlekraft. Han er det reinaste vandrande fallossymbol, han godaste Duke Nukem.

**NOK EIT FALLOSSYMBOL** kan kontrollera i eit arna nyleg utgjeve spel: *Toad Treasure Tracker*, eksklusiv ute til Wii U. I følgje John Marco Allegro, forfattaren av *The Sacred Mushroom and the Cross*, og eg parfraserer, har det seg slik at gud er ein gigantisk erigert penis i himmelen, som stundom let sin sæd regne ned over moder Jord. Regnet impregnerer Jordi, som gjev fedsel til mellom anna små paddehatter som penetrerer planetens mange skamlepper i det dei blir fodd, desse små, fallos-forma Guds sonar – som vi kan ete lekamen til for mellombels å oppleve einskap med Gud.

**Han er det reinaste vandrande fallossymbol, han godaste Duke Nukem.**

Eg tarstar ut desse orda med same henrar som eg klør meg i skrittet med – eg lid i skrivende stund av ein lei soppinfeksjon i underlivet. Så, dersom Guds son var eit idémessig resultat av psykedeliske soppturar, kan ein tenkje seg at Toad, hovudperson i *Toad Treasure Tracker*, er ein allegori for nettopp Jesus. Lat dei små borna kome til meg, som Jesus sa i Bibelen. Eg bekymrar meg stadig over såkalla barnevernlege spel, som t.d. *Super Mario Bros.*, av dei så ofte inneheld store mengder brutal, men banalisiert vald. Gje meg heller brutal, blodig, beint fram grusom vald, som i *Duke Nukem 3D* eller *Saints Row: Gat Out of Hell* – ultravaldeleg digital blodsutgjutting som er ærleg om det som foregår – heller dette enn fordekt farleg Mikke Mus-vald.

Korset, i følgje John Marco Allegro, er vidare ei formal framstilling av nettopp soppa, på same måte som fluesoppen Toad, «the Amanita Muscaria—which, for various reasons (including its shape and power as a drug) came to be regarded as a symbol of God on earth.» Ein kunne nesten ha sagt «lat dei små borna kome til Toad». Men, deriver, han har ein tendens til å kverke sine fiender ved å mose dei under hans eiga kroppsvekt, han kastar seg ned mot fienden sin lekam frå imponerande hogder. Og han plukkar turnips og kastar dei med stor kraft mot dei som kjem i vegen. Kan ein anbefale slike for små ungar? Kan hende, kan hende akkompagnert av ein moralpreiken frå foreldre og føresette, der ein forklarar at det ikkje alltid er riktig å snu det andre kinnet til? Eller?

**WHATEVER.** Både *Duke Nukem 3D* og *Toad Treasure Tracker* er framifrå døme på kva ein kan gjøre med mediet «dataspel». Produsert i to distinkte teknologiske epokar, for vilt forskjellige demografer, har dei, om ikkje anna, ein ting til felles: Framifrå level design. Framifrå, det seier eg dykk!

## TRE PÅ SOPP

**1** *Grim Fandango Remastered*  
(WIN, OSX, LINUX, PS4, VITA)  
Eventyrspelet-klassikar om arbeidslivshelvetet, no med oppfriska grafikk og større kontrollmessig valfridom.

**2** *Saints Row: Gat Out of Hell*  
(WINDOWS, PS3, PS4, 360, ONE)  
Expandalone til den framifrå *The Matrix*-parodien *Saints Row IV*, sett rett til helvetet i matchande musikalsetting.

**3** *The Talos Principle*  
(WIN, OSX, LINUX, PS4, ANDROID)  
Filosofisk førstepersonspuslar i natur-skjone omgivnader frå utviklaren bak den litt mindre filosofiske mannemannen Serious Sam.

Ønsker du informasjon om utdanning og yrkesvalg?

# BESØK UTDANNINGS-MESSEN!

Bredt utvalg av norske utdanningstilbud, studietilbod i utlandet, etterutdanning og kurs. Foredrag med aktuelle tema.

**HALDEN 8.-9. JANUAR**

**OSLO 12.-13. JANUAR**

**SANDEFJORD 15. - 16. JANUAR**

**KRISTIANSAND 19.-20. JANUAR**

**STAVANGER 22.-23. JANUAR**

**BERGEN 26.-27. JANUAR**

**ÅLESUND 29.-30. JANUAR**

**TROMSØ 2.-3. FEBRUAR**

**BODØ 5.-6. FEBRUAR**

**TRONDHEIM 9.-10. FEBRUAR**

**LILLESTRØM 12.-13. FEBRUAR**



## Motta gratisbillett!

Gå inn på vår nettside for å hente gratisbillett til messen. Her finner du også åpningstider, utstillerliste og seminarprogram.

[www.tautdanning.no](http://www.tautdanning.no)



 **tautdanning.no**